

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 14.06.18  
**SAKSHANDSAMAR:** Helga Stautland Onarheim  
**SAKA GJELD:** **Leiing og organisering i Helse Fonna**

**STYRESAK:** 43/18

**STYREMØTE:** 21.06.18

### Arkivsak

70/17

10/18

28/18

### 1 vedlegg

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering
2. Styret ber administrasjonen om å gjennomføre endringane i dialog og samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta, på ein slik måte at arbeidsmiljø og krav til kvalitet og pasienttryggleik blir ivaretatt

## **Bakgrunn for saka**

Med bakgrunn i prosjekt ByggHaugesund2020 og prosjektet for utviklingsplan Helse Fonna HF er det initiert prosess knytt til eventuell endring av strukturen for organisering og leiing. I desse prosjekta har føretaket lagt til grunn nasjonale og regionale føringar, gjeldande strategi for Helse Fonna, Plan somatikk, Plan for psykisk helsevern, rapportar knytt til prosjekt Odde – og Stord sjukehus som følgje av Nasjonal helse- og sjukehusplan. Overordna målsetting i Helse Vest sin strategi Helse 2035 er å utvikle pasienten si helseteneste.

Hausten 2017 starta prosessen med å sikre at leiing og organisering i Helse Fonna er tilpassa pasienten si helseteneste og er i tråd med dei måla som føretaket har sett. Prosessen har gått føre seg samstundes med arbeidet med ByggHaugesund2020 og arbeidet med utviklingsplan for å gje premissar i arbeidet med ny organisasjonsstruktur og sikre at overordna føringar blei samordna.

Utviklingsplanen er planlagd vedteken innan utgangen av juni 2018, og avgjerd knytt til ny struktur for leiing og organisering er planlagd til ultimo juni. Prosess knytt til endring av organisasjonsstrukturen vil bli starta hausten 2018.

## **Føresetnader for prosessen**

I konseptfasen for nytt bygg i Haugesund har det vore gjennomført ei rekke organisasjonsutviklingsprosessar for å identifisere tiltak som støtter opp under hovudprinsippa.

- Kliniske senter for dei store pasientforløpa, på tvers av ulike fagområde og gamle strukturar. Dette sikrar gode pasientforløp, nærleik til kompetansen, effektiv bruk av ressursar og auka kvalitet og pasienttryggleik.
- Pasientar skal ikkje leggast i seng unødvendig, men gå mest mogleg på eigne bein
- Ta i bruk ny teknologi som underbygger dei kvalitative og kvantitative gevinstane som er sette for prosjektet.

I arbeidet med utviklingsplanen er det lagt vekt på at det å skape pasienten si helseteneste vil føre til behov for å endre kultur, haldningar, organisering og leiing. Det er ei forventning om at leiaren skal retta meir merksemd mot korleis pasienten opplever behandlinga og korleis ein kan få til samhandling intern i føretaket og med kommunehelsetenesta.

Overordna prinsipp for arbeidet med organisasjonsutvikling/prosess for organisering og leiing har vore:

- Vi skal leggje best mogleg til rette for behandling av heile mennesket
- Vi skal leggje til rette for auka eigenmestring og deltaking
- Vi skal auke samarbeidet i føretaket – på tvers av einingar og sjukehus/DPS
- Vi skal ikkje auke talet på leiarnivå

## **Prosess – forankring og involvering i organisasjonen**

Prosess for organisering og leiing har sidan denne starta i oktober 2017 gjennomført ulike tiltak for å sikre god involvering og for å lytte til råd frå organisasjonen. Det har vore fleire samlingar for brukarar, leiarar, tillitsvalde og verneombod med stort engasjement og gode diskusjonar i forhold til korleis føretaket kan utvikle «Pasienten si helseteneste» og sikre ei framtidige organiseringa, som kan understøtte den gode pasientbehandlinga. Det vart i

etterkant av samlingane lagt ut presentasjonar og oppsummeringar frå diskusjonane i dei ulike gruppene på intranett.

Det vart oppretta eigen postkasse der medarbeidarar kontinuerleg fram til 21.5.18 kunne gje innspel til prosessen. Her er det kome hundretals innspel til administrerande direktør, som er svara på.

Prosess for organisering og leiing har vore på agendaen i klinikkleiargruppene etter konkrete bestillingar frå administrerande direktør. Undervegs i prosessen har administrerande direktør i samråd med leiargruppa lagt fram ulike forslag/skisser til framtidig organisering/klinikkstruktur, der alle medarbeidarar i etterkant har hatt høve til å gje innspel, også direkte til administrerande direktør.

Mykje av diskusjonane har dreia seg om å sikre gode pasientforløp og kva som skal vere innhaldet i dei nye klinikkane og avdelingane. Prosessen og dei konkrete forslaga til organisering har vore diskutert i dialogmøte med dei tillitsvalde og hovudverneombodet, i arbeidsmiljøutvalet og var i juni tema i allmøte mellom administrerande direktør og medarbeidarane på alle sjukehusa. Det har vore god openheit i prosessen og stort engasjement frå leiarar og medarbeidarar. Medarbeidarane har meldt tilbake at dei har fått seie si meining i prosessen. Prosess for organisering og leiing har vore orientert om i styret undervegs i prosessen ved fleire høve.

Forslaget er drøfta med føretakstillitsvalde 12.06.18 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 13.06.18.

### **Framtidig struktur for organisering og leiing**

Forslaget til ny organisasjonsstruktur som nå er utarbeidd har ikkje store overordna endringar i forhold til dagens organisering.

Organisering er ikkje eit tilstrekkeleg tiltak i seg sjølv for å sikre dei gode pasientforløpa. I fortsetjinga vil det framleis vere avgjerande å vidareutvikle samhandlinga på tvers av avdelingar og klinikkar til beste for pasienten. Vidare må føretaket byggje forpliktande faglege nettverk og team på tvers av klinikkar og sjukehus.

Helse Fonna vil fortsatt ha ei blanding av gjennomgåande klinikkstruktur og geografiske klinikkar for å vareta både stadleg leiing og gjennomgåande felles fagmiljø og tenester.

Ved Haugesund sjukehus ligg det føringar for ByggHaugesund2020 som må takast omsyn til ved ny organisering. Det vil bli oppretta eit felles akuttmottak i nytt sjukehusbygg, det blir ei hjarte- og lungeavdeling og ei avdeling for eldremedisin. Endringane vil støtte dei gode pasientforløpa.

Det har vore ei klar føring for prosessen at det ikkje skal opprettast eit nytt leiarnivå i føretaket. I forslaget som nå ligg føre er det difor ikkje samanslåingar som fører til nye store og tunge avdelingar. Nokre mindre seksjonar er derimot foreslått organisert saman i ny avdeling ut i frå omsyna i nybygget. Det har vore eit mål å sikre robuste og funksjonelle avdelingar, meir tilnærma like avdelingar i volum og ha ein så flat struktur som mogeleg.

Forslaget inneber at det fortsatt vil vere fire leiarnivå. På 3. nivå vert namnet seksjon endra til avdeling. På 4. nivå er det forslag om å nytte namn som eining, post eller poliklinikk. Leiarar på 4. nivå vil bli vidareutvikla til eit viktig leiarnivå. Føretaket har vore opptatt av å finne gode namn på klinikkar og avdelingar, som er dekkande for tilbodet vi gir og som gjer det enkelt for pasientane å forstå kva avdeling dei skal til og kva dei blir behandla for, både på huset og på nett.

Det vil fortsatt vere stadleg leiing ved Odda og Valen sjukehus. Med ny struktur vil dei stadlege leiarane ha tettare dialog med administrerande direktør med faste møte og direkte kontakt. Stadleg leiar skal rapportere til klinikkdirektør om drift og fag, men kan også vende seg til administrerande direktør i saker på meir overordna nivå. Føremålet er å styrke avdelingane i Odda og på Valen med kort linje til toppleiinga ved behov.

### **Endringar i dagens organisering – klinikk- og avdelingsnivå**

#### Klinikk for psykisk helsevern og rus

Klinikken vil få seks avdelingar. Innan psykisk helsevern er DPS-a i Karmøy og på Haugalandet i praksis samorganiserte i dag. Nå blir dei i forslaget organisert saman under namnet Haugaland DPS.

Akuttposten, Haugesund blir organisert i Avdeling psykisk helsevern Haugesund sjukehus. Alle pasientar skal ha éi dør inn i akuttmottaket, uansett lidning. For at denne organiseringa skal bli til beste for pasientane er det nødvendig med gode prosedyrar og avtalar mellom somatikk og psykisk helsevern. Spesialisert behandling, Valen sjukehus vil bli endra til Avdeling for psykisk helsevern Valen sjukehus. Nevropsykologiske tenester og polikliniske tilbod for psykisk utviklingshemma blir som i dag organisert i Klinikk for psykisk helsevern.

#### Klinikk for kirurgi Haugesund

Klinikken vil få åtte avdelingar. Operasjon, anestesi og intensiv i Haugesund blir ei ny felles avdeling.

#### Klinikk for medisin Haugesund og Odda

Klinikken vil få ni avdelingar. I forslaget er det to avdelingar i medisinsk klinikk som blir kalla avdeling A og B. Avdeling A inneheld gastro, nefro og dialyse. Avdeling B inneheld hemato, onkologi og infeksjon. Forslag til andre namn på avdelingane, som i større grad vil tydeleggjere kva som er tenestetilbodet i avdelingane blir diskutert.

Ny mottaksavdeling i medisinsk klinikk inneheld akuttmottak og observasjonspost. Organiseringa av AMK er det mange innspel om, det er førebels ikkje tatt endeleg avgjerd om kor denne skal organiserast.

Vidare vil det bli oppretta to nye avdelingar - ei hjarte- og lungeavdeling og ei avdeling for eldremedisin, tidlegare geriatriks seksjon i medisinsk klinikk og alderspsykiatrisk eining i klinikk for psykisk helsevern.

Somatikk Odda vil halde fram som ei avdeling i medisinsk klinikk. Kontaktpunkt og møtearenaer mellom kirurgisk klinikk i Haugesund og Odda sjukehus må utviklast vidare for å leggje til rette for samarbeid om pasientar, personell og prosedyrar.

Barneavdelinga i Haugesund vil fortsatt vere organisert i medisinsk klinikk som eiga avdeling.

### Klinikk somatikk Stord

Klinikken vil få fem avdelingar. Det er gjort ei endringar for anestesi som er foreslått organisert saman med felles intensivevinga, FIA, i ei felles avdeling. Denne eininga var tidlegare organisert saman med akutt mottak i medisinsk klinikk. Akuttmottaket blir organisert i medisinsk avdeling.

### Klinikk for medisinske tenester og beredskap

Klinikken vil få åtte avdelingar. Det er forslått at terapeutane blir organiserte i Klinikk for medisinske tenester og beredskap. Fleire av funksjonane har ansvar på tvers i føretaket. På sikt vil direktøren vurdere å samorganisere terapeuttenestene i same avdeling for heile føretaket.

Behandlingshjelpemidler blir flytta frå medisinsk klinikk til denne klinikken.

Pasientreiser blir flytta til avdelinga for ambulanse i Haugesund.

### Område lagt direkte under administrerende direktør

Når det gjeld andre områda under administrerende direktør er det berre foreslått små justeringar. Fag og føretaksutvikling får endra namn til Fag og forskning samtidig som det nyleg er gjort ei tilpassing i området med oppretting av ei ny avdeling for Helsedata som inkluderar IKT, elektronisk pasientjournal og dokumentsenteret. Vidare blir simuleringssenteret organisert under fag og forskning, dette er i dag organisert i kirurgisk klinikk. Internservice får endra namn til Drift. Vidare er det ikkje gjort endringar innan kommunikasjon, HR, administrasjon og økonomi.

### **Gjennomføring av endringsprosess**

Prosess knytt til endring av organisasjonsstrukturen vil bli starta hausten 2018. Føretaket vil i endringsprosessen følgje «Retningslinjer for endringsprosessar i Helse Fonna».

Retningslinjene skal sikre involvering og medverknad i samsvar med AML § 8-2 samt hovudavtalen § 31. Vidare §§ 6-2 og 7-2 som gjeld involvering av verneombod og behandling i AMU.

Det vil bli gjennomført ei evaluering av endringane.

### **Vedlegg:**

Organisasjonskart

**ADMINISTRERANDE  
DIREKTØR**



**KLINIKK FOR PSYKISK  
HELSEVERN OG RUS**

**KLINIKK FOR KIRURGI HAUGESUND**

**KLINIKK FOR MEDISIN  
HAUGESUND OG ODDA**

**KLINIKK FOR SOMATIKK STORD**

**KLINIKK FOR MEDISINSKE  
TENESTER OG BEREDSKAP**

Stord DPS og BUP

Øyeavdeling

Avdeling somatikk  
Odda sjukehus

Avdeling for rehabilitering

Ambulanse avdeling 1

HaugalandDPS

Øre-nese-hals avdeling

Avdeling for eldremedisin

Kirurgisk avdeling

Ambulanse avdeling 2

Folgefonn DPS

Gastroavdeling

Barneavdeling

Medisinsk avdeling

Ambulanse avdeling 3  
og pasientreiser

BUP Haugesund

Kirurgisk avdeling

Habiliteringsavdeling

Anestesi- og  
felles intensivavdeling

Radiologisk avdeling

Avdeling psykisk helsevern  
Haugesund sjukehus

Ortopedisk avdeling

Hjerte- og lungeavdeling

Føde- og  
gynekologisk avdeling

Avdeling for laboratoriemedisin

Avdeling psykisk helsevern  
Valen sjukehus

Anestesi, intensiv  
og operasjonsavdeling

Nevrologisk avdeling

Føde- og  
gynekologisk avdeling

Avdeling for medisinsk teknikk

Føde- og gynekologisk avdeling

Medisinsk avdeling A

Føde- og  
gynekologisk avdeling

Terapeutavdeling

Urologisk avdeling

Medisinsk avdeling B

Føde- og  
gynekologisk avdeling

Behandlingshjelpemidler

Mottaksavdeling